



Flora kommune.

Skulehelseplan 2014

Revidert dokument av Skulehelseplan 2007.



Innhold

1. Om Skulehelseplanen. Bakgrunn og innleiing.....	2
DEL 1 - FELLESPLAN	4
2. Føremål med skulehelseplanen.....	4
2.1.Innsatsområder.	4
2.2. Strategi og arbeidsmetode i skulehelsearbeidet.....	5
2.2. Arbeidsmetode ovanfor einskildelevar.....	6
2.3. Arbeidsmetode ovanfor grupper.....	7
3. Lokale data og lokale politiske planar og satsingsområde	8
3.1. Kommunedelplan for oppvekstsektoren 2011-2020.....	8
3.2. Helse-,sosial og omsorgsplan 2013-2016.....	9
3.3. Ungdata/Helse-, miljø og livstilsundersøkinga	11
4. Samarbeid og tiltak.....	11
5.Dagens skulehelseteneste	14
5.1. Særskilte elevgrupper	16
5.2. Førebyggande tiltak og prosjekt:	17
5.3. Samarbeid og teieplikt.....	18
6.0 Hovudelement i skulehelseplanen knytt til dei ulike trinna	18
6.1. Hovudområde med overordna målformuleringar for grunnskulen:.....	19
6.2. Målområde skulehelseplan 1.-7. klasse.....	21
6.3. Målområde i skulehelseplan 8. – 10 årstrinn.....	27
7.0. Helseovervaking og helseundersøking i grunnskulen	32
7.1. Vurdering frå Fysioterapeut og Ergoterapeut.....	36
7.2. Skulehelsetenesta i Vidaregåande skule	37
7.3. Målområde i skulehelseplan for vidaregåande skule.....	37
7.3. Helsestasjon for ungdom	42

1. Om Skulehelseplanen. Bakgrunn og innleiing.

Revidering av skulehelseplan 2007

Den 3. september 2013 handsama KUOP ei sak om skulehelsetenesta i Flora kommune, omfang og organisering. Rådmann var beden om å greie ut omfang av skulehelseteneste i kommunen sine skular, korleis dette er finansiert, fagleg vurdering av om det var trong for ei styrking av tilbodet, og korleis denne evt bør vere gjennomført, og til sist moglegheitene for meir helsesøsterteneste på den einskilde skule.

KUOP vedtak:

- 1. Rådmannen får ansvaret for ein total gjennomgang av helsestasjonen og skulehelsetenesta. Det må organiserast på ein måte som sikrar at alle lovpålagde oppgåver vert gjort, og at det er ressursar til å drive førebyggjande arbeid og oppfølging*
- 2. KUOP ber om at dette vert ein del av budsjettarbeidet for 2014. Rådmannen skal undersøke mulegheita for å søke ekstern finansiering av skulehelsetenesta.*
- 3. Det vert sett i gang arbeid med å revidere skulehelseplanen.*
- 4. Som ein del av gjennomgangen skal rådmannen vurdere omfanget av tilgangen til helsesøster for dei mindre skulane i distriktet.*

Dette er altså ei revidering av eksisterande plan, jamfør punkt 3 i vedtaket. Tekstdelen er bearbeidd etter nyare oppdateringar og planen er oppdatert i høve planverk, lovverk og føringar.

Revideringsarbeidet er utført av:

Kari Liseth, Flora Helsestasjon.

Elisabeth Solheim, Folkehelsekoordinator.

Anita Norstrand, Teneste Helse.

Terje Folkestad, Flora Ungdomsskule.

Venke Byrkjeland, Florø barneskole.

Sissel Østrem, Torvmyrane skule.

Kari Slettvåg, Flora Videregående Skule.

Trude Gulbranson (red), Omsorgsfagleg rådgjevar. Kvalitet og utviklingsavdelinga.

Kva er kommunal skulehelseplan?

Kommunal skulehelseplan er ein del av kommunen sin internkontroll for å sikre oppfylging av lover og forskrifter. [Lov om statlig tilsyn med helsetjenesten og Forskrift om internkontroll i sosial- og helsetjenesten.](#) Premissane for planen ligg i lovverket og i sentrale dokument som inneheld nasjonale mål og strategiar for arbeidet for å fremje elevane si helse, og i lokale plandokument og lokale ressursar og premissar. Faglege retningsliner seier kva som vert vurdert som god praksis. Anbefalingar og råd byggjer på oppdatert fagleg kunnskap og god forskning. Tiltaka i skulehelseplanen er basert på dokumentert forskning som syner at tiltak har ønska effekt. I skulehelsearbeidet vil ein leggje til rette for at elevar får utvikla evnene sine, og at dei får ta i bruk eigne ressursar for å bygge og vedlikehalde god helse.

Planen er styrande for skulehelsearbeidet som vert utført ved den einskilde skule. Planen er meint å dokumentere den utøvande verksemda på kvar skule. I tillegg til skulehelseplanen utarbeidar helsesøster på den einskilde skule 1/2 årige arbeidsplanar som ivaretek den einskilde skule sine særskilde behov.

Tilgang til planen

Nettbasert skulehelseplan gir lett tilgang til alle brukarar. Målet er at planen skal gi lett tilgang også for elevar, foreldre, ulike samarbeidspartnarar og andre interesserte. Gjennom planen får ein oppdatert kjennskap til innhaldet og tilbod i skulehelsearbeidet i Flora kommune.

Planen er oppbygd som informasjonsdokument med aktuelle lenkjer til lover, forskrifter, kommunale planar, sentrale utgreiingar mm.

Oppbygging av planen

Skulehelseplanen er 2- delt.

Del 1 er eit fellesdokument for dei samarbeidande partane i skulehelse-arbeidet.

Del 2 er i fyrste rekke metodebok for skulehelsepersonell.

Skjema som er i bruk i skulehelsearbeidet vil du finne under fana SKJEMA på startside for skulehelseplanen. Informasjonsmateriell til skulane , elevar og føresette finn du også under SKJEMA. Nyhende som vedkjem skulehelsearbeidet finn du under fana INFO på startside.

Evaluering og rapportering av planen

Skulehelsearbeidet vert årleg evaluert. Fagleiar for helsestasjonen har ansvar for evalueringsarbeidet. Plangruppa for skulehelseplanen, skulehelsepersonell og sentrale samarbeidspartar deltek i evalueringsarbeidet. På bakgrunn av innkomne evalueringar og uttale frå plangruppa , vil fagleiar for helsestasjonen utarbeide årsrapport som kan bidra til kommunen sin oversikt på helsetilstanden og faktorar som innverkar på helsa til barn og ungdom. I samråd med plangruppa kan det bli gjort nødvendige endringar/justeringar i skulehelseplanen.

DEL 1 - FELLEPLAN

2. Føremål med skulehelseplanen

I følge [Forskrift om kommunenes helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skulehelsetjenesten](#) skal skulehelsetenesta "... fremje psykisk og fysisk helse, fremje gode sosiale og miljømessige forhold, forebygge sykdommer og skader".

Skulehelseteneste skal bli tilbydd i alle grunnskular og vidaregåande skular som er omfatta av opplæringslova og privatskulelova. Skulehelsetenesta skal bidra til at Flora kommune får oversikt over helsetilstanden i kommunen, ved å ha oversikt over elevane på gruppenivå ved statistikk om helsetilstand og lokale erfaringar frå tenesta. Ein bør legge vekt på å få fram særskilte grupper sine behov.

Flora kommune skal gjennom lokal plan for skulehelsetenesta sikre at alle elevar får eit kvalitativt tilfredsstillande skulehelsetilbod. Denne målsettinga skal ein nå gjennom:

- Planlegging
- Samarbeid
- Individretta tiltak
- Grupperetta tiltak
- Miljøretta tiltak
- Helseopplysning
- Vaksinasjon

2.1. Innsatsområder.

"Lov om folkehelsearbeid" har m.a. som føremål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmer folkehelse og skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid. Folkehelsearbeid er ikkje lenger helsesektoren si oppgåve, men er arbeid på tvers av fleire sektorar. For å nå målsettinga i skulehelseplanen må tenestene sette i verk tiltak og samordne si verksemd på ein forsvarleg måte.

Kommunen sitt ansvar for skulehelseteneste og helsestasjonsarbeid er heimla i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven).

Norske born er blant dei friskaste i verda. Nokre av hovudtrekka er likevel at overvekt og fedme blant born og unge har auka dei siste åra. Sjølv om denne tendensen no ser ut til å flate ut, er dette likevel ei utfordring. Ein har lite grunnlag for å hevde at born og unge sitt aktivitetsnivå har endra seg nemneverdig dei siste åra, men born er meir fysisk aktive enn ungdom. Ein indikator på redusert aktivitetsnivå er den vekttauken som vi ser i borne- og ungdomsgruppa. Ein antek at 15-20 % av born mellom 3 og 18 år har nedsett funksjon på grunn av symptom på psykiske lidingar som angst, depresjon og åtferdsforstyrring. Det er

ikkje haldpunkt for å slå fast at psykiske lidingar blant born og unge aukar, men ein veit at born og unge i liten grad søker hjelp for plagene sine. Røyking går ned blant unge, men snusbruken aukar. Unge vaksne drikk stadig meir alkohol, og alkoholforbruket har auka blant studentar, meir hos kvinner enn hos menn. Blant yngre ungdom er det tegn på at alkoholforbruket går ned.

Dei statlege satsingsområda i folkehelsearbeidet er knytt til utfordringsbildet med eit spesielt fokus på sosial utjamning. Det er ein samanheng mellom utdanning, inntekstnivå og helse og det er eit uttalt mål at folkehelsepolitikken skal bidra til fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte helseforskjellar.

Dei statlege satsingsområda i folkehelsearbeidet er knytt til utfordringsbildet og skulehelsetenesta si oppgåve er:

- Førebygge psykososiale problem
- Førebygge belastningslidningar
- Førebygge ulukker og skader
- Førebygge astma-allergi og inneklimasjukdommar
- Rus og tobakksfrie born og unge
- Gode kostvanar hos born og unge
- Minimum 60 minutt dagleg fysisk aktivitet

[St.meld.31 2012-2013 Folkehelsemeldingen](#)

[Folkehelse rapporten 2010: Helsetilstanden i Norge](#)

2.2. Strategi og arbeidsmetode i skulehelsearbeidet.

Skulehelsetenesta må bruke både befolkningsstratgi og høgrisikostrategi for å drive effektiv førebygging.

Befolkningsstrategi: Er planlegging av tiltak som tek utgangspunkt i helserisiko og helsetilstand i større befolkningsgrupper. Ved å identifisere spesielle kjenneteikn som t.d. alder, kjønn, yrke, sosialstand, geografi og risikofaktorar og beskyttelsesfaktorar arbeider ein målretta med hensikt å fremje helse og førebygge sjukdom overfor større grupper. Barnevaksinasjons-programmet som blir tilbydd alle i grunnskulen er døme på ein befolkningsstrategi

Høgrisikostrategi: er tiltak retta mot einskildpersonar eller grupper som er særleg disponert for å utvikle spesiell sjukdom eller helseproblem

I skulehelsetenesta er det viktig med samarbeid mellom skulehelsepersonell, skulen sitt personell, foreldre og andre for å sikre at elevane får omsorg, tryggleik og utviklingsmoglegheiter. På skulen vert elevane sett kvar dag av ein eller fleire vaksne og

problem kan fangast opp på eit tidleg tidspunkt, dvs, ein kan setje inn tidleg hjelp til elevar som treng det.

2.2. Arbeidsmetode ovanfor einskildelevar

Helseundersøking:

er ei kartlegging av personen for å vurdere helserisiko og helsetilstand.

I samtale med eleven, eventuelt saman med føresette, hentar ein inn opplysningar om livsstil, risikofaktorar, ved klinisk undersøking og prøver, evt. innhenting av svarskjema med helseopplysning dannar ein eit bilete av helsetilstanden.

Ei helseundersøking kan vere generell, vere delvis helseundersøking eller vere ei målretta helseundersøking:

Generell helseundersøking er ei omfattande kartlegging og kliniske undersøkingar, td. skulestartundersøkinga av førskulebarn hos skulelegen.

Delvis helseundersøking er undersøking med tanke på spesifikke sjukdomar, t.d. ein hørselstest eller ryggundersøking hos helsesøster

Målretta helseundersøking er den oppfølgande undersøking, altså bestemt av individuelle opplysningar som er framkomne ved generell helseundersøking eller gjennom screening, som kan gje signal om større eller mindre avvik frå normale funn. Målretta helseundersøking er mellom anna oppfølging av einkildelevar med særleg helserisiko. Helsesøster held oversyn over elevar som skal ha målretta undersøking. Ho kallar inn elevane og følger opp den aktuelle problemstillinga, evt henviser til skulelege eller fysioterapeut.

Screening:

Er undersøking som er utvalt for kartlegging/testing. Screening vert nytta for å avdekke medisinske problem som tidlegare ikkje er oppdaga eller erkjent hos enkeltelevar, og for å skaffe oversikt over helsetilstanden hos elevane som gruppe. Screeningundersøkingar er lagt til faste alders- eller klasstrinn.

Ved screeningundersøking gjennomgår alle elevar t.d. på eit utvalt klasstrinn same undersøkingsprogram t.d; synstesting, hørselsundersøking, rygg-/haldningsundersøking, vekt- og høgdeundersøking.

Screening gir moglegheit for helsepersonell til å bli kjend med alle elevane. Undersøkinga gir og elevane moglegheit til å bli kjend med skulepersonell i ein "ufarleg" situasjon. Dermed kan terskelen verte lågare for eleven å sjølv ta kontakt med skulehelsepersonell ved behov.

Konsultasjon/Samtale, kan ha ulike former:

Individuell konsultasjon vert nytta for å identifisere elevar som har trong for tettare oppfølging, henvising eller behandling.

Open konsultasjon er ein arbeidsmetode som er særleg eigna i skulen, spesielt i ungdomsskulen og i vidaregåande skule. Elevane får høve til å “stikke innom” helsesøster sitt kontor ved behov. Bagatellar som blir presenterte kan ofte vise seg å vere påskudd for å komme i kontakt, og slik søke hjelp for andre og større problem

2.3. Arbeidsmetode ovanfor grupper

Helseopplysning:

Kan gje tilførsel av kunnskap ved samtale eller i aktivitetar. I dialogen skjer det erfaringsutveksling, bevisstgjerjing av haldningar og verdiar, og ein kan tileigne seg nye ferdigheiter. Brosjyrematrell kan nyttast til å understøtte tema. Helseopplysning i grupper kan vere nettverksskapande.

Gruppekonsultasjon: er konsultasjonar med vekt på helseopplysning, råd og rettleiing t.d jentegrue, guttegruppe, temagruppe.

Skulebaserte program t.d. FRI,MOT, VIP mm kan nyttast for å påverke elevane når det gjeld kunnskap, haldningar og åtferd også i helsespørsmål. Program som legg til rette for ønska åtferd i nærmiljøet har vist seg å ha best effekt

3. Lokale data og lokale politiske planar og satsingsområde

3.1. Kommunedelplan for oppvekstsektoren 2011-2020

Planen er ei rullering av kommunedelplan for barnehage 2005-2015, og kommunedelplan for skular og barnehagar 2000-2010. heile planen kan ein lese på www.flora.kommune.no/oppvekstplan. I denne revisjonsutgåva av skulehelseplanen tar ein med det som er særleg relevant i eit skulehelseperspektiv:

Elevmiljø

Samandrag: Skulane arbeider systematisk for å sikre at elevane sine rettar etter Opplæringslova §9a vert oppfylgde, både førebyggjande og med tiltak når brot skjer. Elevmiljøet er tema for årleg politisk handsaming både som eiga politisk sak og som ein del av det årlege dialogmøtet mellom skulesektoren og KUOP. Eit vellukka samarbeid knytt til §9a føreset generelt god vaksendekning på alle trinn og budsjett knytt opp til intern kompetanseheving og kjøp av ekstern kompetanse.

Mål: I samsvar med Opplæringslova §9a driv skulane i Flora eit systematisk arbeid for å fremje helse, miljø og tryggleik for elevane. Både for dette og korleis ein skal gripe inn når denne retten blir krenka fins det rutinar som alle tilsette kjenner til. Evaluering av arbeidet knytt til §9a er eit årleg tema for skulen, skulen sine utval, og politikarane i kommunen.

Tiltak:

1. Skulane driv eit systematisk førebyggjande arbeid for å fremje helse, miljø og tryggleik for elevane. Det vert gjennomført årlege kurs i førstehjelp for alle vaksne.
2. Det er laga rutinar for tverrfagleg arbeid og oppfølging på området.
3. Viss dei tilsette på skulen får kjennskap til eller mistanke om at elevane sine rettar etter §9a vert brotne, set rektor straks i verk tiltak i samsvar med vedtatte rutinar
4. Skulane dokumenterer at det fysiske miljøet er i samsvar med faglege normer. Det vert sikra økonomi til framleis å ha god standard på bygg, innbu og reinhald slik det vert uttrykt i "Veileder for forskrift for miljørettet helsevern i barnehage og skole."
5. Skulen sine utval har elevmiljø som årleg tema.
6. det vert lagt stor vekt på fysiske aktivitetar som eit viktig bidrag til elevhelsa i samsvar med folkehelsearbeidet i kommunen.
7. Ha nulltoleranse for mobbing, styrke kompetansen om mobbing blant tilsette i kommunen, og alle skular og barnehagar skal ha antimobbepplanar.
8. Skulesektoren sitt arbeid på dette området vert tatt opp til politisk handsaming minst ein gong i året.

3.2. Helse-, sosial og omsorgsplan 2013-2016

Planen vart vedtatt i Flora bystyret den 06.11.12 som retningsgjevande for arbeidet innan helse-, sosial og omsorgssektoren i planperioden. Planen erstattar kommunal psykiatriplan som var referert til i skulehelseplan 2007. Heile planen kan lesast på [www.flora.kommune.no/helse-, sosial og omsorgsplan 2013-2016](http://www.flora.kommune.no/helse,-sosial%20og%20omsorgsplan%202013-2016). I denne revisjonsutgåva av skulehelseplanen tar ein med det som er relevant i eit skulehelseperspektiv:

Barn/ungdom med samansette problemstillingar

Barn/ungdom med samansette problemstillingar, som alkohol, narkotika og psykiske lidningar, er aukande. Per jan/feb 2012 gav psykiatritenesta tilbod til 6 brukarar mellom 18 og 25 år, Nav gav økonomisk sosialhjelp til 9 brukarar i samme aldersgruppe, og barn og unge hadde i 2011 ulike tiltak i høve til 69 born.

Fokus er på tidleg intervensjon, og førebyggjande tiltak. Aktuelle førebyggjande tiltak innan barnevernet er mellom anna: råd og rettleiing, barnehageplass, SFO, økonomisk hjelp, bruk av støttekontakt for utsett ungdom og besøksheim. Barnevernet har og tiltak utanfor heim i tilfelle der barnet/ ungdommen av ulike grunnar treng ny omsorgsbasis. Innanfor denne tenesta vil det vere viktig å kunne nå barn som har foreldre med rusproblem eller er utsett for dysfunksjonelle familieforhold som kan vere skadelege på sikt. Her har også fastlege eit ansvar.

I forhold til rusmiddelproblematikk er barnevernstiltak retta inn mot barn av rusmiddelmissbrukarar, og der barn og unge sjølv misbruker rusmidlar. Barnevernet skal og intervenere så tidleg som mogleg for å unngå at forhold eskalere til tiltaksnivå.

Det er eit stigande tal ungdom med samansette problemstillingar som ikkje meistrer overgangen til eit sjølvstendig og økonomisk sjølvhjelp liv. Ungdom i risikosona er gjerne ungdom med stort fråvær i ungdomsskolen, ungdom med sosiale vanskar som kontaktvanskar, uro, tilbaketrekking og låge skulefaglege prestasjonar. For mange startar fråfallet og vegen til å bli stønadsmottakar i ungdomsskolen. Det er et aukande tal elevar som droppar ut av vidaregåande skule. Fleire har eit alvorleg fråfall og vert «heimeliggarar». Eit aukande tal ungdom kjem seg ikkje i arbeid etter vidaregåande, og ein ser at problematiske oppvekstforhold, psykiske problem, spillavhengighet og rus er faktorar som ofte spelar inn. Ungdom som ikkje fullfører vidaregåande utdanning, eller som ikkje får relevant arbeidserfaring har stor risiko for å bli unge stønadsmottakarar. Ungdommars fråfall bidrar til sosial ulikskap og helseforskjellar

Tabellen under syner gruppene Ungdomsskole, vidaregåande og etter vidaregåande som er omtalt nærare:

	Ungdomsskule	Vidaregående Skule	Etter vidaregående
Falt helt ut	Vekke frå skulen, sosial isolasjon Helseforhold (psykisk, fysisk, rus) Familieproblem Spillproblem	Vekke frå skule/praksisplass, sosial isolasjon Helseforhold (psykisk, fysisk, rus) Familieproblem Spillproblem	Ikkje i arbeid – ikkje arbeidssøkar, sosial isolasjon, treng bistand til livsopphold, Helseforhold (psykisk, fysisk, rus) Familieproblem Spillproblem
Delvis falt ut	Skuleskulk, låg skulemotivasjon, manglande meistring/dårlige skuleprestasjonar, sosiale vanskar, dårlege relasjonar til andre, knytta seg til andre med liknande problem, Helseforhold (psykisk, fysisk, rus) Familieproblem Spillproblem	Skuleskulk, låg skulemotivasjon, manglane meistring/dårlige skuleprestasjonar, sosiale vanskar, dårlege relasjonar til andre, knytta seg til andre med liknande problem,	Søker arbeid, greier ikkje komme i /stå i arbeid eller opplæring «dårlig utgangspunkt» Helseforhold (psykisk, fysisk, rus) Familieproblem Spillproblem
Sterke faresignaler	Som over, men i mindre grad	Som over, men mindre	Som over, men lettare

Ungdom som er i ferd med å utvikle eit rusmiddelproblem, har trong for å ha eit hjelpe- og støttetilbod som er lett tilgjengeleg. Dette gjeld ikkje minst foreldre og pårørende som ofte kjenner seg makteslause i høve den situasjonen den unge er komen i. Tilbod om individuelt tilpassa utdannings-, arbeids- og butilbod kan og redusere bruk og misbruk av rusmidlar.

Flora Ungdomsskule arbeider spesifikt med tidleg intervensjon i Prosjektsamarbeid med KoRus/Bergensklinikkane: Ungdom i risiko/Tidleg intervensjon, jamfør side 30 i denne plan.

3.3. Ungdata/Helse-, miljø og livstilsundersøkinga

UNGDATA er eit kvalitetssikra system for gjennomføring av lokale spørjeskjemaundersøkingar blant elevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring. Gjennom kartlegging av den lokale oppvekstssituasjonen er Ungdata godt eigna som grunnlag for kommunalt plan- og utviklingsarbeid knytt til folkehelse og førebyggjande arbeid overfor ungdom.

Det vil bli gjennomføre Ungdata-kartlegging i ungdomsskular og på Flora vidaregåande skule vår 2014.

Helse-, miljø og livstilsundersøking i 6, 8, og 10. klasse vart gjennomført november 2011 og 2013 og skal gjentakast i 2015 på same gruppa. Resultata vert publisert på www.Samhandlingsbarometeret.no.

4. Samarbeid og tiltak

For å sikre førebyggjande og helsefremjande arbeid vektlegg skulehelsetenesta særleg samarbeid med foreldre, men og andre viktige samarbeidspartnarar. Jamfør Kommunedelplan for oppvekstsektoren 2011-2020 er det utarbeidd klare retningslinjer for samhandlinga mellom tenestene.

I dette kapittelet vert naturleg aktuelle samarbeidande tenester kort presentert, og aktuelle tiltak tenestene kan bidra med oppimot skulehelsetenestearbeidet vert presentert.

Samarbeid skulehelsetenesta og skulens personell:

Strukturert og forpliktande samarbeid mellom skulehelsetenesta og skulens personell er naudsynt for å kunne gje elevane eit heilskapeleg helsetilbod. Det er viktig å bygge på samarbeid som allereie er innarbeidd i skulen, t.d dei fleirfaglege ressursgruppene ved dei største skulane. Helsesøster og evt skulelege kan delta på skulen sine planleggingsdagar dersom skulen ønskjer det. Skulehelsetenesta informerer foreldre gjennom eigne informasjonsskriv, informasjon på internett, deltaking på foreldremøter, og ved direkte personleg kontakt rundt einskildelevar. Det er naudsynt med eit ope samarbeid med foreldre for å kunne hjelpe elevane om det oppstår helseproblem. Openheit og tidleg drøfting av bekymring med foreldre eller føresette vert stadig viktigare i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet.

Teneste Helse:

Teneste helse består av Legetenester, fysio- og ergoterapi tenester og Frisklivssentralen.

Legetenester: Alle born har fastlege. Det er opp til fastlegen å involvere helsesøster eller skulelegen i fortløpande oppfølging og samarbeid om det er føremålsteneleg eller naudsynt. Kommuneoverlegen er overordna ansvarleg for kommunen si helseteneste

Fysio- og ergoterapitenesta: Eit prioritert område for tenesta er funksjonshemma born og unge som treng særleg oppfølging i høve motorikk og ergonomi. Tenesta yt tenester mellom anna ved helsestasjon, barnehage og skular. Tenesta kartlegg 1. klassingar i kommunen i høve motorikk.

Tenesta barn og unge:

Tenesta for barn og unge inneheld Barnevernstenesta, Flora helsestasjon, og Flora PPT.

Flora helsestasjon tilbyr kontrollar etter nasjonale program både i svangerskapsomsorga, helsestasjon og skulehelseteneste. Personalet har god kompetanse på førebygging av psykiske vanskar og tidleg identifisering av signal som omsorgssvikt, mistrivsel og utvikingsavvik. Dette er viktig for å kunne iverksetje tiltak på eit tidlegast mogleg tidspunkt. Helsestasjonen møter alle born i kommunen.

Barnevernstenesta administrerer fleire typar støtte og hjelpetiltak som kan rettast inn mot barn, unge og familiar. Slike særlege hjelpetiltak vert vurdert i nært samarbeid med foreldre og andre og kan til dømes vere foreldrerettleing, barnehageplass, støttekontakt, avlastnings- og besøksheimar, tilbod om aktivitetar, økonomisk tilskot og tilsyn.

Flora pedagogiske – psykologiske teneste. Tenesta skal hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det.

Flora PPT yter tenester til barn, unge og vaksne med slike vanskar:

- Fagvanskar (lese- /skrive, språk, talevanskar, tospråklege vanskar)
- Skulefråver og isolasjon
- Angst, usikkerheit, mistrivsel, mobbing og sorg
- Funksjonshemmingar av ulike slag (syn, hørsel og andre fysiske funksjonshemmingar)
- Familievanskar, rus, oppsedingsvanskar
- Overgang mellom barnehage, skule og arbeidsliv
- Klassemiljø.

Tiltakstenesta

Tiltakstenesta er ei teneste i Flora kommune, etablert 1. april 2013. Tenesta er samansett av den kommunale psykiritenesta, det interne tiltaksteamet til tenesta for barn og unge og NAV sitt lågterskeltilbod til rusmisbrukarar. Det kommunale kriseteamet er organisert under Tiltakstenesta.

Tiltakstenesta skal yte psykososial spisskompetanse raskt til dei som treng det mest, og gje tett oppfølging i ein avgrensa periode. Tenesta er og aktive i arbeidet med ulike psykososiale meistringsgrupper for unge

Koordinerande Eining

Koordinerande eining i Flora kommune er ei tverrfagleg samansett faggruppe som skal sikre brukarane sine rettar til individuell plan.

Individuell plan er ei skjematisk oversikt over hjelpebehov og hjelpetiltak for kortsiktige og langsiktige mål for brukaren. Personar med behov for langvarige og koordinerte helse- og/eller sosialtenester har rett til individuell plan. Når det gjeld IP brukarar i målgruppa til Skulehelseplanarbeidet er utfordringane oftast knytt til barn og unge med psykiske og psykososiale vanskar og lidingar, og born med fysisk eller psykisk funksjonshemmingar.

Omsorgstenesta

Kommunen har ansvar for å syte for gode og forsvarlege omsorgstenester til alle som treng det. Når det gjeld skulehelsetenesta kan det være aktuelt å samarbeide med bu-og miljøtenesta. Bu- og miljøtenesta sine tiltak er i fyrste rekkje retta mot psykisk utviklingshemma, og tiltak for barn i skulealder kan vere støttekontakt og avlastningstiltak.

Miljøretta helsevern

Alle skular skal godkjennast etter føreskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar m.v. Forskrifta har som føremål å bidra til at miljøet i barnehagar, skular og andre miljø fremmar helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold samt førebygg sjukdom og skade. Skulane i Flora kommune har vore gjennom fleire godkjenningrundar og det er eit mål å gjennomføre nye godkjenningar kvart 4 år. Det er Folkehelseavdelinga som har ansvar for dette arbeidet i Flora kommune.

Folkehelsekoordinator

Folkehelsekoordinator har ansvar for å at det helsefremjande og førebyggjande arbeidet vert ivareteke i kommunen. Dette skjer gjennom overordna planarbeid. Folkehelsearbeid innebør òg å ha oversikt over helsetilstanden i kommunen. Folkehelsekoordinator koordinerer arbeidet med trivselsleiarprogrammet, deltek i undervisning av elevar og informasjon til foreldre i skule og barnehagar. Kartlegging som Ungdata og helseundersøkinga i grunnskule og vidaregåande skule er eit anna ansvarsområde.



5.Dagens skulehelseteneste

I skulehelsetenesta tyder helseovervaking å ha faste systematiske rutinar for helseundersøkingar, oppfølging og samarbeid; eit utval av undersøkingar som skal utførast på fastsette alderstrinn med faste kriterie for undersøking og evt oppfølging/tilvising. Desse undersøkingane gir grunnlag for å ha oversikt over elevane si utvikling og helse.

Helseovervakinga har som mål å avdekke helseproblem hos einskildelevar på eit tidleg tidspunkt og/eller gje eleven/føresette høve til å formidle trivselsproblem mellom anna ved eigenerklæring. Den direkte kontakta mellom skulehelsepersonell og eleven er også viktig for å opprette kontakt med alle elevar. På bakgrunn av helseovervaking kan skulehelsetenesta sette inn dei individuelle eller gruppeførebyggande tiltak som er best eigna

Tabell : Omfang av skulehelseteneste på skulane i Flora kommune

Skule	Elevtal	Stillingsprosent/kontortid (tal 2014/2015):
Florø barneskule		60% 3 dagar/veke
Krokane skule	218	40 % 2 dagar/veke + skal ha ansvar for Solheim skule.
Solheim skule		X1 /halvår
Torvmyrane skule	151	30 % 1,5 dagar/veke
Brandsøy skule	65	2 dagar i året + 5 %
Torvmyrane innføringsklasse	1-2 klassar	20 % Tirs dagar:09:00-12:00
Norsksenteret	varierende	Elevar kjem til helsestasjonen pga. vanskar med å treffe alle på skulen
Flora Ungdomsskule	476	40 % 2 dagar /veke
Solheim skule	12	X1/halvår

Eikefjord Skule	138 + 16 førskuleborn	25 % 1 dag/veke + 1 dag/mnd til fordeling på Stavang og Steinhovden
Stavang Skule	13 + 5 førskuleborn	X1/halvår
Steinhovden Skule	13 + 3 førskuleborn	X1/halvår
Flora Vidaregåande Skule	530	30 % 1,5 dagar/veke

Aktørane i skulehelsearbeidet:

Helsesøster: Leiande helsesøster er fagleiar for skulehelsetenesta.

Skulehelsetenesta søkjer å fordele skulehelsearbeidet slik at det vert mest mogleg kontinuitet ved den einskilde skule. Helsesøster har ansvaret for det konkrete helsesøsterarbeidet ved sin skule. Skulane/elevane har soleis ei fast helsesøster å henvende seg til gjennom skuleåret.

Helsesøster utarbeider årsplan, evt halvtårsplan for den einskilde skule ved oppstart an nytt skuleår. Årsplanen skal vere tilpassa skulehelseplanen, og leggest opp i samråd med skulelegen og rektor ved skulen.

Skulelege:

Ansvar for skulane er fordelt mellom 3 legar ved Flora helsestasjon. Skulelegen fungerer som fast legekontakt for skulen og har medisinsk rådgjevingsansvar ovanfor skulen. I dei tilfella det er naturleg å kontakte fastlegen vedrørande einskildelevar, gjer ein det. Skulelegen er knytt til faste skular og samarbeider med helsesøster ved desse skulane. Ein gong i året skal skulelegen besøke skulen saman med helsesøster. Skulelegen kan delta i tverrfaglege møter der dette er naturleg. Skulelegen kan, saman med andre faggrupper, vere konsulent for skulen i saker som gjeld skuleborn sitt arbeidsmiljø. Skulelegen deltek i undervisning i skulen der det er avtalt iflg temaundervisning. Skulelegen gjennomfører basisundersøking av 5. åringar, og undersøker elevar henvist frå helsesøster (gjeld særleg etter 5. klasseundersøkinga og helsesamtale i 8. klasse).

Skulane:

Skulane står ansvarleg for den konkrete gjennomføringa av planen, og for å følgje opp til det samarbeidet som planen legg opp til. Det er viktig at leiinga ved dei einskilde skulane deltar aktivt. Rektor – eller den som vert delegert ansvaret for helsekontakt- har ansvar for den praktiske tilrettelegginga i høve kontakt med samarbeidspartnarar, og lærarane som underviser i dei fag/tema som går fram av innhaldet i planen er forplikta til å gjennomføre planen etter intensjonane, dersom det ikkje vert fatta konkrete avtalar om anna.

Kvar skule skal ha utarbeidd ein plan som omfattar tiltak ved sorg og krisesituasjonar.

Skulane må stille høvelege lokale til disposisjon for skulehelsetenesta. Ved dei største skulane der skulehelsesøster har faste dagar, må det vere fast kontor/lokale tilgjengeleg. Rommet må ha vask, god belysning, helst 6 m lengde (synstesting) og vere skjerma for støy og innsyn.

PPT

PPT arbeider i all hovudsak retta mot barnehagar og skular, aldersgruppa 0-21 år. Tilmeldingane til kontoret gjeld som oftast born og unge med fagvanskar, då særskilt norsk, matematikk, skulefråvær og sosiale vanskar, mobbing, mistrivsel, etevanskar, familievanskar som rusproblem, skilsmisse, fysisk eller psykisk funksjonshemmingar. PPT er skular, barnehagar og foreldre sitt sakkunnige organ for utgreiing og vurdering av rett til spesialundervisning for born, unge og vaksne med særskilde behov innan områder som fagvanskar, språkvanskar, psyko-sosiale vanskar og andre utviklingsvanskar. PPT arbeider og som rådgjevande og konsultativt kontor.

PPT set i ressursgrupper ved Florø barneskole, Eikefjord barne- og ungdomsskule, Flora ungdomsskule, og i spesialpedagogisk gruppe ved Krokane

Flora PPT har avtale med fylkeskommunen om at elevar frå Flora vidaregåande skule har tilgang på tenester frå PPT. Tenesta er og rådgjevande for elevar eller vaksne som ynskjer opplæring, lærlingkontrakt etter den vidaregåande opplæringa.

PPT deltar i sosial pedagogisk gruppe på Flora Vidaregåande skule.

5.1. Særskilte elevgrupper

Skulehelsetenesta si oppfølging av elevar med særskilde behov skal tilpassast den einkilde elev.

- ❖ Elevar med fysisk eller psykisk funksjonssvikt
- ❖ Elevar med innvandrarbakgrunn
- ❖ Elevar som opplever akutt krise eller traume
- ❖ Elevar som vert utsette for seksuelle overgrep eller vald.

Elevar med fysisk eller psykisk funksjonssvikt:

Skulehelsetenesta skal ha oversikt over denne elevgruppa og kjenne tiltak som er iverksette rundt eleven. Born med funksjonshemmingar og kroniske lidingar har si faste oppfølging hos sin fastlege. Det er opp til fastlegen å involvere helsesøster eller skulelegen i fortløpande oppfølging og samarbeid om det trengs. Dette er føresetnad for at skulehelsetenesta skal ha oversikt og kjenne dei tiltak som er iverksett rundt eleven.

Det er viktig at Fysio/ergoterapiavdelinga vert konsultert på eit tidleg tidspunkt i planleggingsprosessen ved nybygg/ombygging. Dette for å rettleie i høve prinsippa om universell utforming, at blant anna tilgjenge for funksjonshemma elevar og arbeidstakarar ved skulen vert tilpassa/tilrettelagt. Elevane treng ofte løpande oppfølging av tekniske hjelpemiddel.

Kommunen har ansvar for det individuelle habiliteringstilbudet. Elevar med habiliteringsbehov har trong for koordinerte tenestetilbod, også over tid. Eleven ved føresette kan søke Koordinerande Eining om individuell plan for å strukturere og synleggjere utforming og samansetning av dei ulike tilbod/tenester han/ ho mottek.

Elevar med innvandrarbakgrunn:

Elevar med innvandrarbakgrunn skal i utgangspunktet følgje samme kontaktmønster med skulehelsetenesta som norske born. Men innvandrarborn og born i asylmottak har ofte andre og større behov for helseteneste i skulen enn andre born. Skulehelse-personell må vere særleg merksame overfor helsespørsmål for desse elevane. Nytilflytta innvandrarelevar skal ha tilbod om helseintervju og tilhøyrande kartlegging av tidlegare vaksinasjon. Helsesøster med hovudansvar for innvandrarelevar gjennomfører helseintervju, vaksinasjon og kartlegging. Problemstillingar som vert avdekka under helseintervju og innhenting/oppstart vaksinasjon skal følgjast opp i ordinær skulehelseteneste

Elevar som erfarer akutt krise eller traume.

Alle skular har utarbeidd egne rutinar for å handtere krisesituasjonar der t.d. eleven eller nære pårørande dør. Krisesituasjonen kan også vere ulukke der ein eller fleire er involvert. Samarbeid er særskilt viktig i slike krisesituasjonar. Tenesta Born & Unge ved Flora helsestasjon har utarbeidd ei eiga prosedyre for den akutte fasen for å sikre at krisearbeid kjem i stand.

Senter for krisepsykologi (SfK), Bergen, har utarbeidd anbefalingar for psykososial oppfølging etter traumatiske hendingar, <http://kriser.no/>

Elevar som vert utsette for seksuelle overgrep og vald.

Seksuelle overgrep og vald førekjem i alle aldersgrupper. Skadeverknadane av seksuelle overgrep og vald kan vere omfattande. Det er avgjerdande å komme inn tidleg med hjelp ovanfor utsette born og familiar, beskytte barnet mot ytterlegare overgrep og gje naudsynt støtte til dei som kan ivareta barnet.

Kvar skule har interne rutinar for korleis handtere bekymring vedrørende seksuelle overgrep og vald

5.2. Førebyggande tiltak og prosjekt:

❖ Skader i skuletida:

Nav har oversikt over melde saker i skuletida. Statistikk vedrørende dette vert henta ut frå fylkes-nav og kan danne grunnlag for førebyggande tiltak i skulen vedrørende skader. Dette vert meir omtalt under elevane sitt arbeidsmiljø.

❖ Medisinering i skuletida:

Statens helsetilsyn har stadfesta at medisinering av grunnskuleelevar skal avtalast mellom føresette og skule. Dei tilsette i skulen treng instruksjon og løyve frå foreldra for å kunne utlevere legemiddel.

❖ Uønskt graviditet og kjønnsjukdommar:

I førebygging av uønskt graviditet og kjønnsjukdommar er det her inne tunge førebyggjande tiltak både på ungdomsskulen og vidaregåande skule ved at alle elevar vert tilbydd gruppeundervisning og individuell rettleiing.

5.3. Samarbeid og teieplikt.

Helsepersonell si teieplikt er regulert av [Lov om helsepersonell](#). Helsepersonell skal iflg. denne lova hindre at andre får adgang eller kjennskap til pasientopplysningar. Av denne lova følgjer og at personar som samarbeider med helsepersonell har same teieplikt som helsepersonell. Teieplikt skal vere eit vern av privatpersonar sin integritet. Men teieplikta må ikkje bli praktisert slik at ho vert eit hinder for at elevar får den hjelp dei treng. Foreldre må bli tidleg informerte om skulehelsepersonell sine “bekymringar” rundt elevar. Ved å få samtykke frå eleven sine føresette til å utveksle informasjon i tverrfagleg samarbeid, kan ein skaffe det handlingsrom som trengs for å gje elevar rett og god hjelp.



6.0 Hovudelement i skulehelseplanen knytt til dei ulike trinna

Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2006 har eit sterkt målfokus. I alle dei ulike fagområda er det derfor lista opp kva kompetansemål elevane skal nå på kvart trinn.. Kompetansemåla er plasserte på barnetrinnet og ungdomstrinnet i grunnskulen, etter 4., 7. og 10 årssteget. For fådelte skular gjeld det same som læreplanen legg opp til, men lærestoffet blir plassert der skulen finn det pedagogisk hensiktsmessig innanfor barnetrinnet. På ungdomstrinnet vert stoffet stort sett plassert på det årssteg som samsvarar med lokal læreplan. Når det gjeld vidaregåande opplæring er kompetansemåla plasserte etter Vg 1, Vg 2 og Vg 3.

Arbeidet og ressursar skulane nyttar er knytta til kompetansemåla. Dette føreset eit samarbeid mellom skule og helsepersonell. I læreplanverket for Kunnskapsløftet, generell del står det på side 35 om samarbeid mellom offentlege instansar: ”*Samarbeid med andre offentlege instansar med ansvar for barn og unges læring, utvikling og oppvekstmiljø er også ei sentral oppgåve for skulen*”. Skulane vil kvar vår melde behov for samarbeid med helsesøster, skulelege og fysio-/ ergoterapeut slik dette kjem fram i dei lokale læreplanane. Fysio/ ergoterapeut avtalar tidspunkt for samarbeid med den aktuelle skule på bakgrunn av tilvising.

Skulehelseplanen forpliktar partane til det samarbeidet som går fram av planen.

6.1. Hovudområde med overordna målformuleringar for grunnskulen:

